

# Eigarskapsmelding for Fyresdal kommune

2026 - 2030

---

Vedtatt i kommunestyret

XX.XX.XXX



Fyresdal

# Sidetilvising

<b>1 Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.1 Verdikompass for kommunalt eigarskap .....	1
<b>2 Selskapsformer</b> .....	<b>4</b>
<b>3 Prinsipp for god eigarstyring i Fyresdal kommune</b> .....	<b>5</b>
3.1 Ansvarleg eigarskap og berekraftig verdiskaping .....	6
3.2 Aktiv eigar oppfølging .....	9
3.3 Målretta og kompetente styrer .....	12
<b>4 Omfanget av eigarskapet</b> .....	<b>14</b>
<b>5 Kontroll og tilsyn</b> .....	<b>16</b>
5.1 Risiko- og vesentlegheitsvurdering .....	16
5.2 Eigarskapskontrollplan .....	17
<b>6 Selskapsgjennomgang</b> .....	<b>19</b>
6.1 Eigardel i interkommunale selskap og samarbeid .....	19
6.2 Eigardel i Kommunalt oppgåvefellesskap (KO) .....	22
6.3 Eigardel i heileigde kommunale aksjeselskap (AS) .....	23
6.4 Eigardel i selskap med avgrensa innsynsrett (AS) .....	26
<b>7 Handlingsplan</b> .....	<b>29</b>

# 1 Innleiing

Kommunelova § 26-1<sup>1</sup> stiller krav om at kommunen minst ein gong i kvar valperiode skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. Meldinga skal innehalde kommunen sine prinsipp for eigarstyring, ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder der kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser, samt kommunen sitt føremål med desse interessene. Desse lovkrava utgjer det grunnleggjande rammeverket for eigarskapsmeldinga til Fyresdal kommune.

Eigarskapsmeldinga skal bidra til eit heilskapleg, transparent og føreseieleg eigarskap, og klargjere rollene og grensegangen mellom politisk styring og administrativ oppfølging. Målet er å sikre ei aktiv og systematisk forvaltning av kommunen sine eigarinteresser, der kommunen fastset tydelege mål og forventningar, og gjennom oppfølging og evaluering sørgjer for at selskapa har kompetente styre og driv verksemda i tråd med kommunen sine mål.

I tillegg til sjølve eigarskapsmeldinga stiller kommunelova krav om eigarskapskontroll. Eit sentralt element her er å kontrollere om kommunen sine eigarinteresser blir utøvd i samsvar med lover, forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for god eigarstyring. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter konstituering, utarbeide ein plan for eigarskapskontroll. Planen skal byggje på risiko- og sårbarhetsanalyse og skal vedtakast av kommunestyret, med moglegheit for delegert mynde til kontrollutvalet for seinare endringar.

Eigarskapsmeldinga for Fyresdal kommune byggjer på gjeldande lovverk, nasjonale føringar og god praksis for eigarstyring. For større verksemder der kommunen eig heilt eller delvis, kan det og utarbeidast eigne eigarstrategiar som konkretiserer kommunen sine mål og vurderingar av måloppnåing.

## 1.1 Verdikompas for kommunalt eigarskap

Eigarskapspolitikken til Fyresdal kommune skal vere i full samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel<sup>2</sup>. Bulyst og næringsutvikling er dei overordna strategiske måla, knytt saman av «vekst og vilje», og skal dermed også vere førande for kva kommunen eig, kvifor kommunen eig og korleis kommunen utøver eigarskap.

Verdikompasset nedanfor konkretiserer dette og skal nyttast:

- ved vurdering av nye eigarinvesteringar og avvikling
- i rapportering etter Vedlegg B (Resultatindikator, nøkkeltal og vesentlege forhold)

---

<sup>1</sup> Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) av 01.05.2024

<sup>2</sup> Kommuneplanen sin samfunnsdel - Fyresdal kommune 2023-2035 av 22.06.2023

### 1.1.1 Bulyst og lokalsamfunn

Kommunalt eigarskap skal aktivt bidra til stadsutvikling som; livskvalitet, kultur og fellesskap i Fyresdal.

Kommunen vil derfor:

- prioritere selskap som styrkjer bulyst, omdømme og levande lokalsamfunn
- vurdere eigarskap ut frå tryggleik, inkludering og livskvalitet for innbyggerane
- gjennomgå eigarinteresser som ikkje lenger understøttar desse måla

### 1.1.2 Næringsutvikling og arbeid

Eigarinteresser er eit sentralt verkemiddel for å skape arbeidsplassar og verdiskaping lokalt.

Kommunen vil derfor:

- bruke eigarskap aktivt til å få nye arbeidsplassar og styrke eksisterande verksemder
- vektlegge berekraftig omstilling og framtidsretta industrivekst

### 1.1.3 Berekraft, areal og klima

Eigarskap skal understøtte ansvarleg naturforvaltning, ressursbruk og klimatilpassing.

Kommunen vil derfor:

- vurdere alle investeringar mot natur- og klimarisiko samt arealbruk
- stille forventning om sirkulære løysingar og lågast mogleg utslepp
- prioritere selskap og prosjekt med dokumentert langsiktig berekraft

### 1.1.4 Drivkraft, fortrinn og innovasjon

Fyresdal skal vere ein kommune med vilje til å prøve, endre og utvikle, også i eigarskapspolitikken.

Kommunen vil derfor:

- støtte eigarskap som nyttar våre naturlege fortrinn: kraft, areal, natur, handverk, kultur og reiseliv
- oppmode til innovasjon, pilotverksemd og løysingsvilje i selskapa

### 1.1.5 Medverknad, openheit og folkehelse

Eigarskap skal utøvast med høg grad av innsyn, tillit og dialog.

Kommunen vil derfor:


- sikre openheit og dokumentasjon i tråd med gjeldande lovar og reglar
- stille krav til tilgjengeleg informasjon for innbyggerar og brukarar
- vektleggje positiv folkehelse- og samfunnseffekt ved prioriteringar

### 1.1.6 Tryggleik, beredskap og ansvarleg økonomi

Eigarskap skal støtte opp under beredskap, forsyning og trygg infrastruktur for innbyggerane.

Kommunen vil derfor:

- ha tett eigaroppfølging av samfunnskritiske selskap (energi, vatn, avløp, renovasjon, brann og nødalarming)
- ha særleg merksemd på internkontroll, risiko, datatryggleik og beredskap
- vurdere kapital, utbyttekrav og investeringsrammer mot kommunens bereevne og langsiktige mål om vekst, bulyst og livskraft




Figur 1 Verdikompass Fyresdal kommune

## 2 Selskapsformer

Kommunen kan organisere verksemd på ulike måtar, avhengig av formal, behovet for styring og graden av økonomisk risiko. Val av organisasjonsform har betydning for korleis ansvar, styring og kontroll er regulerte, og for kva krav kommunen kan stille som eigar eller deltakar.

Selskapsformer kan i hovudsak delast i verksemder som er ein del av kommunen, og verksemder som er egne rettssubjekt. Verksemder som er integrerte i kommunen, inneber fullt økonomisk og juridisk ansvar for kommunen og ein høg grad av politisk styring, medan samarbeid og eigarskap i sjølvstendige einingar gir varierende grad av ansvar og styringsmoglegheiter.

Kommunen kan og delta i interkommunalt samarbeid for politisk samordning eller felles drift. Slike samarbeidsformer kan gi meir effektiv ressursbruk, men stiller krav til tydelege avtalar om ansvar, økonomi og rapportering. Nærmare omtale av dei ulike selskapsformene går fram av Vedlegg E Selskapsformer.



Figur 2 Heimel, styringsstruktur og det økonomiske ansvaret som er knytt til dei respektive selskapsformene.

### 3 Prinsipp for god eigarstyring i Fyresdal kommune

Fyresdal kommune sitt eigarskap skal utøvast innanfor rammene av norsk selskapslovgiving og byggje på allment aksepterte prinsipp for god eigarstyring.

Prinsippa for eigarstyring skal klargjere korleis kommunen skal opptre som eigar, og kva forventningar som blir stilte til selskapa. Føremålet er å avklare roller og ansvar, sikre openheit og ryddige beslutningsprosessar, redusere risiko og fremje berekraftig verdiskaping. Prinsippa byggjer på kommunelova, anna relevant lovverk og KS sine anbefalingar om eigarstyring<sup>3</sup>, selskapsleiing og kontroll.

Fyresdal kommune sine prinsipp for god eigarstyring gjeld som hovudregel for alle heileigde og deleigde selskap der kommunen har eigarinteresser.

#### 1. Ansvarleg eigarskap og berekraftig verdiskaping

- a. Kommunen sitt eigarskap skal bidra til berekraftig verdiskaping.
- b. Fyresdal kommune skal vere ein ansvarleg eigar der rolla som eigar blir halden tydeleg skilt frå kommunen sine andre roller.
- c. Det skal vere openheit og gode kontrollrutinar knytte til kommunen sitt eigarskap.

#### 2. Aktiv eigaroppfølging

- a. Kommunen set tydelege mål og resultatkrav til selskapa.
- b. Kommunen utøver eigarskapet i tråd med selskapslovgivinga si ansvars- og rollefordeling, samt allment anerkjende prinsipp og standardar for god eigarstyring.

#### 3. Målretta og kompetente styre

- a. Styra skal vere samansett av medlemmar med nødvendig kompetanse, kapasitet og mangfald.
- b. Styret har ansvar for å forvalte selskapet i tråd med eigaren sine målsettingar for eigarskapet.
- c. Godtgjersla til styret skal reflektere styret sitt ansvar og risiko, tidsbruk og verksemda si kompleksitet.

Under følgjer ei nærare utdjuping av dei enkelte prinsippa.

---


<sup>3</sup> KS (2020). *Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll.*

## 3.1 Ansvarleg eigarskap og berekraftig verdiskaping

### 3.1.1 Ansvarleg eigarskap for nærings- og samfunnsutvikling

Som ein sentral del av ansvarleg eigarstyring vil Fyresdal kommune stille krav om at alle verksemdar der kommunen har eigarskap, bidreg til bulyst, nærings- og lokal utvikling, og berekraftig verdiskaping i tråd med Kommuneplanen sin samfunnsdel. Krav til samfunnsnytte, miljø og livskvalitet skal liggje til grunn for vurderingar ved etablering, vidareutvikling eller avvikling av verksemdar.

Kommunen skal sjå eigarskapet i samanheng med kommunen sitt totale ansvar: tenesteproduksjon, lokalsamfunnsutvikling, folkehelse, areal-, klima- og miljøansvar, og kommunens visjon som samfunnsutviklar i planperioden 2023–2035. Berekraftig utvikling krev at økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn vert vurderte samla. Eit ansvarleg selskap balanserer desse omsyna på ein måte som fremjar langsiktig utvikling og livskvalitet, utan å hindre moglegheitene for kommande generasjonar.



Figur 3 FN sine berekraftmål: Fyresdal kommune arbeider for berekraftig utvikling, næringsvekst og eit inkluderande lokalsamfunn

Fyresdal kommune forventar at selskapa der kommunen er eigar, tek eit aktivt samfunns-, miljø- og næringsansvar. Dette betyr at selskapa bør:

- bidra til bulyst og lokal utvikling gjennom å skape arbeidsplassar og tilbod som styrkar lokalsamfunnet.
- drive med omsyn til klima, miljø, natur og berekraftig ressurs- og arealbruk.
- fremje folkehelse, tryggleik, inkludering og livskvalitet, og ha medverknad og opne prosessar der det er relevant.
- følge etiske retningslinjer, HMS og likestilling.
- ettersteve energieffektivitet, miljøvenlege driftsformer og, der det er mogleg, satsing på fornybar energi og grønne løysingar.

Ved vurdering av nye eller eksisterande eigarinteresser skal kommunen alltid vurdere i kva grad verksemda bidreg til dei overordna måla i samfunnsdelen: nærings- og samfunnsutvikling, miljø, klima og livskvalitet.

### **3.1.2 Kommunen er ein ansvarleg eigar der rolla som eigar skal skiljast frå andre roller**

Kommunen har fleire roller: som regulerings- og tilsynsmyndigheit, oppdragsgivar og eigar. Kommunen kjøper tenester, fører tilsyn og fattar vedtak i enkeltsaker. For å skape legitimitet i dei ulike rollene, må kommunen vere medviten om rollene sine og tydeleg skilje rolla som eigar frå dei andre rollene. Dette gjeld også ved styreverv, der interessekonflikt kan oppstå mellom rolla som styremedlem og som tilsett eller folkevald.

Kommunen skal utøve ansvarleg eigarstyring som ikkje medfører konkurransevriding eller urettmessige fordelar eller ulemper for kommunale selskap. Som ansvarleg eigar legg kommunen til grunn selskapslovgivinga sitt ansvars- og rollefordeling mellom eigar, styre og dagleg leiar, samt allment aksepterte prinsipp og standardar for eigarstyring. Kommunen fremjar også ansvarlegheit i selskapa, noko som reflekterast i forventningar til berekraftig verdiskaping, styring og rapportering frå selskapa. Kommunen skal følgje opp selskapa systematisk og vere ein forsvarleg eigar. God og ansvarleg eigaroppfølging krev god innsikt i selskapa si verksemd og tilstrekkeleg kompetanse og ressursar.

### **3.1.3 Det skal vere openheit og kontroll knytt til kommunens eigarskap**

Fyresdal kommune skal praktisere høg grad av openheit om eigarskapet sitt. Kommunen forvaltar eigarinteresser på vegner av innbyggjarane, og innsyn er ein føresetnad for tillit, demokrati og kontroll. Allmennheita skal ha tilgang til relevante opplysningar innanfor rammene av selskapslovgivinga, offentleglova, forvaltningslova og andre aktuelle regelverk.

Kommunen forventar at selskapa er opne om sentrale forhold ved verksemda. Oppdatert informasjon på selskapet sine nettsider, om føremål, eigarstruktur, styre, nøkkeltal, resultat og utvikling, gjer det mogleg for eigarar og andre interessentar å vurdere verksemda på ein informert måte. God og systematisk rapportering er avgjerande for at kommunen skal kunne utøve eigarrolla på ein forsvarleg måte.

Selskapa bør utarbeide årsrapportar som minst inneheld informasjon om formål, styre og leiing, viktige vedtak, økonomiske nøkkeltal, langsiktige mål, oppnådde resultat og arbeid med samfunnsansvar og berekraft, sjølv om tradisjonell årsberetning ikkje lenger er lovpålagt.

Fyresdal kommune vil årleg utarbeide ei eigarskapsberetning som blir lagt fram for kommunestyret. Beretninga skal gi status for eigarskap, styresamansetjing, økonomiske nøkkeltal, sentrale hendingar i selskapa og eventuelle behov for endra eigaroppfølging.

### **Kontroll**

Kontrollutvalet har ansvar for å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser. Det inneber å sjå til at kommunen si eigarutøving skjer i samsvar med lover, forskrifter, kommunestyrevedtak og dei prinsippa for eigarstyring som er fastsette i denne meldinga. Eigarskapskontroll og selskapskontroll er viktige verkemiddel for å sikre at kommunen sin eigarpolitikk blir følgt opp i praksis.

### **Arkivlova<sup>4</sup>**

Selskap der kommunen er eigar, eller har eigarinteresser i, utfører viktige samfunnsoppgåver som krev forsvarleg dokumentasjon. Fyresdal kommune vil arbeide for at slike selskap, så langt det er mogleg og rimeleg, innrettar si dokumentasjons- og arkivforvaltning i samsvar med prinsippa i lov om dokumentasjon og arkiv, og etter dei same overordna arkivfaglege krava som gjeld for offentleg verksemd.

Dette inneber mellom anna krav til systematisk dokumentasjon, trygg lagring, etterprøvbarheit og bevaring av dokumentasjon som har verdi som rettsleg, administrativ eller historisk kjelde. Målet er å sikre openheit, tillit og etterprøvbar forvaltning, samt å ta vare på viktige samfunnsdokument for framtida.

---

<sup>4</sup> Lov om dokumentasjon og arkiv (arkivlova) av 01.01.2026

## 3.2 Aktiv eigar oppfølging

### 3.2.1 Eigarstrategi og mål

Fyresdal kommune følgjer ein tredelt eigarstrategi:

**1. Sikre samfunnsoppdrag og tenester til innbyggjarane**

Kommunen skal bruke eigarskap til å sikre at viktige tenester og samfunnsoppdrag blir levert på ein trygg, føreseieleg og likeverdig måte.

**2. Sikre økonomisk og juridisk forsvarleg drift i marknaden**

For selskap som opererer i konkurranseutsett marknad, skal eigarskapet medverke til robust økonomi, god risikostyring og etterleving av lover, forskrifter og offentleg støttereglar.

**3. Fremje lokal utvikling og berekraft**

Eigarskapet skal støtte opp om næringsutvikling, arbeidsplassar, klima- og miljømål, bulyst og langsiktig samfunnsutvikling i Fyresdal.

### Selskapsspesifikke eigarstrategiar

Fyresdal kommune skal utarbeide eigne eigarstrategiar for dei mest sentrale selskapa. Desse skal:

- klargjer kvifor kommunen eig eller deltek i selskapet
- beskriver kva samfunnsrolle og funksjon selskapet er meint å oppfylle
- gir overordna forventningar til berekraft, tenestekvalitet og offentleg ansvar

Styret i kvart selskap har ansvar for å realisere måla innanfor vedtektene og eigarane sine føringar. For deleigde selskap der Fyresdal kommune har ein vesentleg eigardel eller der selskapet har stor strategisk betydning, bør kommunen ta initiativ til felles eigarstrategi saman med dei andre eigarane. Klare mål og forventningar gir styret eit tydeleg grunnlag for strategisk leiing og rapportering tilbake til eigarane.

### Resultatmål og utbytte

Fyresdal kommune skal ha langsiktige, strategiske mål for eigarskapet og fastsetje tydelege krav til resultat, avkastning og eventuell utbyttepolitikk der det er relevant. Kommunedirektøren innstiller på utbytteforventningar og resultatmål som del av eigarstrategien, og desse blir behandla av kommunestyret og formidla vidare til selskapa.

### Kapitalstruktur

Selskapa bør ha ein føremålstenleg kapitalstruktur som støttar opp under langsiktig verdiskaping, effektiv drift og rimeleg kapitalkostnad. Styret har ansvar for å vurdere og tilrå kapitaltilpassing, medan kommunen som eigar skal ta stilling til kapitalbehov, risiko og mogleg avkastning ved større endringar. Kommunen skal ha ei medviten haldning til inn- og uttak av kapital, lån, garantiar og større investeringar.

### **Etablering og avvikling av selskap**

Val av selskapsform og eventuelle endringar i organisering skal byggje på grundige vurderingar av:

- kommunen sitt behov og eigarformål
- økonomisk og juridisk risiko
- konsekvensar for tenesteproduksjon og brukarar
- fleksibilitet, samarbeidsmoglegheiter og framtidig handlingsrom

Ved avvikling, sal av eigardelar eller etablering av nye selskap skal kommunen vurdere korleis ulike alternativ påverkar langsiktige samfunns mål, økonomi og styringsmoglegheiter.

#### **3.2.2 Rapporteringskrav**

For å sikre systematisk eigaroppfølging skal selskap der Fyresdal kommune har eigarinteresser, nytte rettleiaren for eigaroppfølging (vedlegg B) det er vesentlege endringar i selskapet. Til dømes; Endring i strategi, forutsetningar for drifta, eller eigarsamansetning.

Fyresdal kommune kan også be selskap om denne rapporten.

#### **3.2.3 Kommunen utøver eigarskap i samsvar med lovverk og anerkjende prinsipp**

Fyresdal kommune skal utøve eigarskapet sitt i tråd med gjeldande selskapslovgiving, kommunelova og anerkjende prinsipp for god eigarstyring og selskapsleiing.

- I aksjeselskap (AS) utøver kommunen eigarmakt gjennom generalforsamling.
- I interkommunale selskap (IKS) skjer eigarstyring gjennom representantskap.
- For kommunale føretak (KF) er kommunestyret føretaket sitt øvste organ.
- I kommunale oppgåvefelleskap (KO) skjer styring gjennom representantskap eller styringsgruppe etter samarbeidsavtale.

Formelle eigarvedtak skal fattast i dei lovbestemte organa for kvar selskapsform. Dette sikrar korrekt rollefordeling mellom eigar, styre og dagleg leiar, og at vedtak blir dokumenterte og etterprøvbare. Prinsippa gjeld innanfor rammene av kommunelova, aksjelova, IKS-lova og anna relevant lovverk.

#### **3.2.4 Eigarmøte**

I tillegg til dei formelle eigarorgana skal Fyresdal kommune nytte eigarmøte som verktøy for systematisk eigaroppfølging.

Eigarmøta skal vere ein arena for blant annet:

- gjensidig informasjon om drift, resultat og utvikling
- avklaring av forventningar og mål
- drøfting av strategi, risiko og større planar
- dialog om styresamansetjing og kompetansebehov

Ordførar møter normalt som eigarrepresentant, eventuelt annan politisk representant etter delegasjon. Kommunedirektøren eller representantar frå administrasjonen deltek ved behov.

Saker av større økonomisk eller strategisk betydning skal leggjast fram for kommunestyret før kommunen gir endeleg stemme i generalforsamling eller representantskap. Mindre saker kan handterast innanfor delegert mynde til ordførar eller formannskap, i tråd med kommunen sitt delegeringsreglement<sup>5</sup>.

### **3.2.5 Habilitet og sjølvstende**

For å sikre tillit, legitimitet og ryddig rollefordeling skal Fyresdal kommune ha klare prinsipp for habilitet og uavhengigheit i eigarstyringa.

Folkevalde og leiarar i kommunen skal som hovudregel ikkje sitje i styra til selskap der kommunen er eigar (gjeld ikkje heileigde kommunale selskap som Fyresdal kommune eig), særleg der kommunen også har rolle som bestillar, regulerings- eller tilsynsmyndigheit.

I interkommunale selskap eller samarbeid der eigarskapen er delt mellom fleire kommunar, og der Fyresdal kommune ikkje har ein dominerande eigarposisjon, kan det vere føremålstenleg at kommunen er representert i styret. Slik representasjon skal vurderast konkret ut frå selskapet si rolle, kommunen sin eigardel og risiko for rollekonflikt.

Alle som tek på seg styreverv på vegne av Fyresdal kommune i selskap der kommunen er eigar, skal levere habilitetserklæring.

### **3.2.6 Skilje mellom skjerma og konkurranseutsett verksemd**

For å unngå ulovleg kryssubsidiering og brot på reglane om offentleg støtte, skal Fyresdal kommune vere særleg merksam på skiljet mellom skjerma verksemd (monopol, forvaltningspreget, lovpålagde tenester) og konkurranseutsett verksemd.

Kommunen stiller følgjande krav:

- For konkurranseutsett verksemd skal det førast separat rekneskap som gjer det mogleg å skilje kostnader, inntekter og resultat frå skjerma verksemd.
- Der skjerma og konkurranseutsett aktivitet er blanda i same selskap, skal det minst vere etablerte, dokumenterte interne fordelingsnøklar og særskilde resultat- og kostnadsoppstillingar som viser at offentlege midlar ikkje blir nytta til å støtte konkurranseutsett aktivitet på ein måte som kan vere i strid med EØS-regelverket.

---

<sup>5</sup> *Delegeringsreglement for Fyresdal kommune*, besøkt 05.12.2025, <https://delegering.kf.no/delegering/publikum/3823>

Desse prinsippa gjeld særleg for selskap med marknadsretta aktivitet, og skal leggjast til grunn både ved eigarvurderingar, ved inngåing av nye avtalar og ved gjennomgang av rekneskap og rapportering.

## 3.3 Målretta og kompetente styrer

### 3.3.1 Styresamansetjing

Styret skal ha kompetanse, kapasitet og mangfald. Val av styremedlemmer skal sikre teamarbeid, respekt, tillit og opne prosessar. Det skal leggjast vekt på økonomi-/finanskompetanse, administrasjon/leiing, bransjekunnskap, juridisk kompetanse og kjennskap til kommunen.

Fyresdal kommune vil ved oppnemning og val av styremedlemmer arbeide for kjønnsbalanse i tråd med likestillings- og diskrimineringslova<sup>6</sup> og KS sine anbefalingar, og har som mål at kvart kjønn skal vere representert med minst 40 prosent der det er praktisk mogleg. Status for kjønnsbalanse går fram av Vedlegg D.

#### Valperiode

I samsvar med lovverk bør styremedlemmer ha toårsperiode, med halvparten på val kvart år for kontinuitet.

#### Valkomité

Bruk av valkomité vert anbefalt for alle selskap, med vedtektsfesting og klare instruks.

### 3.3.2 Styret har ansvar for å forvalte selskapet i tråd med eigars målsetting

Styret skal bidra til effektiv drift og realisering av mål, utarbeide klare mål og strategiar innanfor vedtekter og eigarforventningar. Styret bør ha årsplan, styreinstruks og plan for kompetanseutvikling, og evaluere eigen innsats.

#### Registrering av styreverv

Alle som påtek seg styreverv i selskap der Fyresdal kommune er eigar, skal levere habilitetserklæring. Kommunen skal føre ei oppdatert og offentleg tilgjengeleg oversikt over styreverv og andre relevante verv for folkevalde og leiarar, i tråd med nasjonale tilrådingar og eventuelle nasjonale registerløysingar.

---

<sup>6</sup> Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven) av 01.07.2024

## **Styreforsikring**

Styremedlemmer i aksjeselskap kan ha personleg økonomisk ansvar. Kommunen anbefaler vurdering av styreforsikring for å redusere økonomisk risiko.

### **3.3.3 Godtgjersle**

Styret skal ha moderat godtgjersle basert på ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksitet. Leiarar i vesentlege kommunale selskap skal ha konkurransedyktig, men ikkje leiande løn.

### **3.3.4 Roller og oppgåver i eigaroppfølging**

#### **Kommunestyret**

Kommunestyret er kommunen sitt øvste eigarorgan og utøver eigarskapen på vegner av kommunen. Kommunestyret fattar vedtak om etablering og avvikling av selskap, deltaking i interkommunale samarbeid og kjøp eller sal av aksjar i selskap der kommunen er eigar. Kommunestyret vedtek eigarskapsmelding, eigarstrategiar og overordna prinsipp for kommunen si eigarstyring. Vidare oppnemner kommunestyret representantar til eigarorgan, som generalforsamlingar i aksjeselskap og representantskap i interkommunale selskap, og fastset rammar for korleis kommunen skal utøve eigarskapet.

#### **Formannskapet**

Formannskapet kan ha ei rolle i den løpande politiske oppfølginga av kommunen sitt eigarskap. Formannskapet kan drøfte utviklinga i selskapa, følgje opp eigarstrategiar og førebu eigarsaker før behandling i kommunestyret. Formannskapet har ikkje sjølvstendig eigarmakt, men bidreg til politisk koordinering og oppfølging av eigarskapet.

#### **Ordførar**


Ordføraren representerer normalt kommunen i eigarorgan der kommunen ikkje er eineeigar, til dømes i generalforsamlingar i aksjeselskap og representantskap i interkommunale selskap. Varaordføraren er vararepresentant. Ordføraren opptrer i eigarrolla innanfor dei rammene og føringane som kommunestyret har fastsett.

#### **Kommunedirektør**

Kommunedirektøren har ikkje eigarmakt, men har ansvar for den administrative oppfølginga av kommunen sitt eigarskap. Dette omfattar å førebu eigarsaker til politisk behandling, leggje til rette for nødvendig styringsinformasjon og følgje opp rapportering frå selskapa. Kommunedirektøren skal bidra til at kommunen sitt eigarskap blir utøvd i tråd med vedtak i kommunestyret og kommunen sine eigarstrategiar.

## 4 Omfanget av eigarskapet

Fyresdal kommune har eigarinteresser i ei rekkje selskap, føretak og interkommunale samarbeid. Ei samla oversikt over eigarporteføljen ligg i vedlegg A.



Tabell 1 Oversikt over tal selskap i kva organisasjonsform

### 4.1 Selskapsinteresser med eigarmakt

Desse selskapa er aksjeselskap der kommunen har stemmerett, deltaking i lovbestemt eigarorgan (generalforsamling) og kan utøve formell eigarstyring. Selskapa inngår derfor i ordinær eigaroppfølging og vert vurdert vidare i eigarskapsmeldinga.

Selskapets namn	Eigarandel i selskapet (%)
Fyresdal vekst AS	100
FN Eigedom AS	49
Fyresdal Næringshage AS	36,7
Vest Telemark Kraftlag Holding AS	19
Vest Telemark Næringsbygg AS	15
Telemark Bilruter AS	8
Telemarkrøye AS	4
Vest Telemark Blad AS	3,7
Kommunekraft AS	0,3

Tabell 2 Selskapsinteresser med eigarmakt. Tal pr. 01.01.2025.

#### 4.2 IKS/KO (offentlegrettslege samarbeidsformer)

Desse einingane er lovregulerte samarbeidsløysingar der kommunen deltek gjennom representantskap eller anna eigarorgan, men utan eigardel uttrykt i prosent. Kommunen har likevel formell eigarstyringsrolle og plikt til oppfølging.

Selskapets namn	Eigarandel i selskapet (%)
<b>RenoVest IKS</b>	10*
<b>Sør-Øst 110 IKS</b>	0,2*
<b>Vestfold, Telemark og Agder Kontrollutvalgs-sekretariat IKS</b>	0,15*
<b>Kraftkompetanse KO</b>	5*
<b>Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS</b>	0,83*
<b>Vestfold og Telemark Revisjon IKS</b>	1,55*
<b>Vest-telemark brann og redning IKS</b>	10*

Tabell 3 IKS/KO. Tal pr. 01.01.2025.

\* prosent gjeld berre fordelingsnøkkel/ansvarsandel, ikkje klassisk aksjeeigardel

#### 4.3 Andre finansielle plasseringar (utan eigarstyringsrolle)

Fyresdal kommune har enkelte finansielle plasseringar som ikkje gir kommunen formell eigarmakt, representasjon i eigarorgan, stemmerett eller moglegheit til å påverke styre eller strategi.

Plasseringane blir likevel synleggjort av omsyn til openheit og for å gi ei fullstendig oversikt over kommunens økonomiske portefølje.

Namn	Rolle / forklaring
<b>KLP Eigenkapital</b>	Lovpålagt pensjonsforvaltning utan eigarstyringsrolle
<b>Telemark Næringsfond AS</b>	Konsesjonskraftavkastning, ingen eigarrolle
<b>E134 Haukelivegen AS</b>	Passiv kapitalplassering, utan formell eigarposisjon eller styringsrett
<b>FramTre AS</b>	Driftsbasert deltaking som skogeigar, ingen styringsrett
<b>Norsk Bane AS</b>	Symbolisk deltaking, ingen reell styringsmakt
<b>Visit Telemark AS</b>	Minimal eigardel, ingen eigaroppfølging

Tabell 4 Andre finansielle plasseringar (utan eigarstyringsrolle). Tal pr. 01.01.2025.

Desse plasseringane skal ikkje inngå i den vidare selskapsvise gjennomgangen eller eigaroppfølginga, ettersom kommunen ikkje utøver eigarmakt eller har representasjon i selskapsorgana.

## 5 Kontroll og tilsyn

Kommunen har ansvar for å sikre at eigarskap blir forvalta på ein føreseieleg, transparent og lovmessig måte. Kontroll og tilsyn er sentrale verkemiddel for å sikre innsyn, etterprøvelse og tillit til at selskap med kommunal eigardel driv i samsvar med lover, vedtekter, eigarstrategi og samfunnsoppdrag.

Fyresdal kommune skal føre systematisk kontroll med eigarinteressene sine gjennom:

- risiko- og vesentlegheitsvurdering
- eigarskapskontroll og selskapskontroll
- revisjon og formell rapportering
- eigarmøte

### 5.1 Risiko- og vesentlegheitsvurdering

For å prioritere ressursbruk og sikre at kontrolltiltak blir retta mot dei mest kritiske eigarinteressene, skal Fyresdal kommune årleg vurdere risiko og vesentlegheit for alle selskap der kommunen har eigardelar. Du finn gjennomgang av risikovurderinga i vedlegg C.

#### 5.1.1 Vurderingskriterium

Risikonivået skal vurderast etter følgjande indikatorar:

Kriterium	Forklaring
<b>Finansiell eksponering</b>	storleik på eigardel, kapitalbinding, risiko for tap og behov for kapitaltilførsel
<b>Samfunnskritisk betydning</b>	beredskap, energi, avfall, transport, tenesteleveransar til innbyggjarar
<b>Marknadsutsetting / konkurranse</b>	risiko for offentleg støtte, marknadssvikt og lovverk om statsstøtte
<b>Omdømmerisiko</b>	samfunnsreaksjonar, media, tillitskonsekvens
<b>Juridisk risiko</b>	rettssaker, lovbrøt, kompliserte avtalar, avtaleregime, EØS-rettar
<b>Blanda verksemd / kryssubsidiering</b>	kombinasjon av skjerma og konkurranseutsett aktivitet

### 5.1.2 Resultat av vurderinga

- Selskapa blir rangerte etter nivå: Høg / Middels / Låg risiko og vesentlegheit
- Rangering blir formatert i eiga risikomatrise i Vedlegg C
- Matrisa skal reviderast ved behov, minst ein gong per valperiode og ved større endringar i eigarstruktur eller verksemd.

### 5.1.3 Føremål

Risiko- og vesentlegheitsvurderinga skal:

- danne grunnlag for prioritering i kontrollplan
- støtte vurderingar av eigaroppfølging
- sikre samsvar med kommunelova sitt krav om plan for eigarskapskontroll
- gi oversikt over kor kommunen må vere særleg aktiv, årvaken og oppfølgande

## 5.2 Eigarskapskontrollplan

Kontrollarbeidet skal vere planlagt og strukturert, og byggje på den årlege risikovurderinga.

### 5.2.1 Eigarskapskontrollplan for valperioden

Kontrollutvalet skal innan **fyrste året i valperioden er over** utarbeide ein plan for eigarskapskontroll for heile valperioden. Planen skal angi:

- a) kva selskap som skal kontrollerast
- b) type kontroll (eigarskapskontroll / selskapskontroll / forvaltningsrevisjon)
- c) ansvarleg instans og revisjonsmiljø
- d) prioritet basert på risiko og vesentlegheit
- e) tidsplan for gjennomføring

### 5.2.2 Prioriterte kontrollområde

- selskap med høg økonomisk eksponering
- selskap som leverer samfunnskritiske tenester (avfall, energi, nødalarm, transport)
- selskap med både skjerna og konkurranseutsett verksemd (risiko for kryssubsidiering etter EØS-regelverk)
- selskap med omdøme- eller styringsutfordringar, eller vesentleg avvikrisiko

Planen skal behandlast av kommunestyret og følgjast opp årleg.

### 5.2.3 Kvifor dette er kravd

Kommunelova §§ 23-3 og 23-4<sup>7</sup>, saman med forskrift om kontrollutval<sup>8</sup>, stiller krav om at kommunen skal ha ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll basert på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Planen for eigarskapskontroll skal behandlast av kommunestyret og gi grunnlag for systematisk oppfølging av selskapa der kommunen har eigarinteresser. Dette skal sikre rett bruk av offentlege ressursar, god styring, innsyn og ansvarleg kapitalforvaltning.

---

<sup>7</sup> Kommunelova

<sup>8</sup> Forskrift om kontrollutvalg og revisjon av 27.06.2019

## 6 Selskaps gjennomgang

Fyresdal kommune har eigarinteresser i ei rekkje verksemdar med ulike selskapsform og strategisk betydning. Den detaljerte selskapsversikta med vedtektsfest formål, eigardelar, deltakarstruktur og balanseført verdi går fram av *Vedlegg A*.

I dette kapittelet vert det gjort greie for kommunen sitt formål med eigarskapet og den overordna grunngevinga for vidare eigaroppfølging.

### 6.1 Eigardel i interkommunale selskap og samarbeid

#### 6.1.1 Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS

##### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune deltek i Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS (IKA Kongsberg) for å sikre forsvarleg forvaltning, bevaring og tilgjengeleggjering av kommunale arkiv i samsvar med arkivlova og tilhøyrande regelverk. Gjennom det interkommunale samarbeidet får kommunen tilgang til fagleg kompetanse, rådgjeving og depotløyningar som det ville vere krevjande å oppretthalde på eiga hand.

**Selskapsform:**  
Interkommunalt selskap

**Eigarpart:** 0,83%

Eigarskapet blir vidareført fordi IKA Kongsberg er ein sentral samarbeidspart for arkivfagleg utvikling og dokumentasjonsforvaltning i regionen. Kommunen forventar at selskapet bidreg til god arkivforvaltning, trygg langtidsbevaring av arkivmateriale og tilgjenge til viktig dokumentasjon for forvaltning, forskning og innbyggjarar.

#### 6.1.2 RenoVest IKS

##### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune deltek i RenoVest IKS for å sikre stabil, kostnadseffektiv og miljømessig forsvarleg avfallshandtering i tråd med nasjonale krav til kjeldesortering, resirkulering og utsleppsreduksjon. Det interkommunale samarbeidet vart etablert då strengare miljøkrav og forbod mot tradisjonelle deponi gjorde det økonomisk og teknisk uforsvarleg å vidareføre separate avfallsløyningar i kvar kommune. Samordning av innsamling, mottak og behandling av avfall gjer at kommunane kan oppfylle lovpålagte krav til avfall, slam og gjenvinning utan urimeleg belastning for brukarane.

**Selskapsform:**  
Interkommunalt selskap

**Eigarpart:** 10%

Eigarskapet blir vidareført fordi RenoVest IKS er ein sentral samfunnsaktør for avfall og sirkulær ressursforvaltning i regionen. Kommunen forventar at selskapet legg til rette for framtidsetta og

berekraftige tenester med høg grad av kjeldesortering, brukarvennleg drift, god ressursutnytting og redusert klimabelastning. RenoVest skal vere ein føregangsaktør innan avfalls- og gjenvinningsløysingar, og tilby ei lik, tilgjengeleg og føreseieleg renovasjonsteneste for husstandar, fritidsbustader og næringsliv.

### 6.1.3 Vestfold og Telemark Revisjon IKS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune deltek i Vestfold og Telemark Revisjon IKS for å oppfylle kommunen sine lovpålagde oppgåver knytt til revisjon av kommunal verksemd. Selskapet leverer rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i samsvar med kommunelova og gjeldande revisjonsstandardar.

**Selskapsform:**  
Interkommunalt selskap

**Eigarpart:** 1,55

Gjennom deltaking i eit interkommunalt revisjonsselskap får kommunen tilgang til nødvendig revisjonsfagleg kompetanse og eit robust fagmiljø. Samarbeidet legg til rette for effektiv ressursbruk og sikrar uavhengig og profesjonell kontroll av kommunen si økonomiforvaltning og verksemd.

Eigarskapet skal bidra til å styrke kontroll og openheit i kommunal verksemd, samt sikre at kommunen sine midlar blir forvalta i tråd med lover, forskrifter og politiske vedtak.

### 6.1.4 Vest-Telemark Brann og Redning IKS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune deltek i Vest-Telemark Brann og Redning IKS for å ivareta kommunen sine oppgåver etter brann- og eksplosjonsvernlova. Gjennom det interkommunale samarbeidet blir brann- og redningstenesta

**Selskapsform:**  
Interkommunalt selskap

**Eigarpart:** 10

organisert slik at kommunane kan sikre tilstrekkeleg beredskap, førebyggjande arbeid og innsats ved brann, ulykker og andre akutte hendingar.

Kommunen si eigardeltaking byggjer på vurderinga av at eit felles brann- og redningsvesen gir betre fagmiljø, meir robust beredskap og meir effektiv ressursbruk enn om kvar kommune skulle drifte tenesta åleine.

Eigarskapet vert vidareført fordi samarbeidet sikrar innbyggjarane eit trygt og profesjonelt brann- og redningstilbod, og bidreg til å redusere risiko for tap av liv, helse, miljø og materielle verdiar.

### 6.1.5 Vestfold, Telemark og Agder Kontrollutvalgssekreteriat IKS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune eig og deltek i sekretariatssamarbeidet for å sikre ei uavhengig, profesjonell og lovpålagt sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Ordninga vart etablert etter lovendingar vedteke av Stortinget i 2003, som forbod same aktør å utføre både revisjon og sekretariatsarbeid for kontrollutvalet. Opprettinga av interkommunalt sekretariat sikrar dermed korrekt rollefordeling mellom revisjon og tilsyn, og gjer det mogleg å kjøpe sekretariatsfunksjonen frå eit eige og uavhengig fagmiljø.

**Selskapsform:**  
Interkommunalt selskap

**Eigarpart:** -

Kommunen si eigardeltaking byggjer på den vurderinga at ein felles, interkommunal organisering gir høgare fagleg kvalitet, tilstrekkeleg kapasitet og uavhengig saksførebuing for kontrollutvalet. Selskapet utfører sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i deltakarane sine kommunar, og sørgjer for juridisk og forvaltningsfagleg kompetanse, rettleiarrolle i kontrollarbeidet, samt koordinering av selskaps- og forvaltningskontroll.

Eigarskapet vert vidareført fordi løysinga er formålstenleg, kostnadseffektiv og i samsvar med krava til uavhengig tilsyn, god kommunal styring og kontroll.

### 6.1.6 Sør-Øst 110 IKS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune deltek i Sør-Øst 110 IKS for å sikre ei profesjonell, samordna og døgntilgjengeleg nødalarmings- og varslingssentral for brann og andre uønskte hendingar.

Gjennom det interkommunale selskapet får kommunen tilgang til ein robust beredskapsorganisasjon med nødvendig kompetanse, utstyr og kapasitet, som det ville vore krevjande og kostbart å halde oppe åleine.

**Selskapsform:**  
Interkommunalt selskap

**Eigarpart:** -

Eigarskapet er samfunnskritisk og knytt til innbyggjarane si tryggleik. Kommunen legg til grunn at Sør-Øst 110 IKS driv i samsvar med nasjonale krav til beredskap, samvirke med andre nødetatar og god utnytting av ressursar, og at selskapet medverkar til kontinuerleg forbetring av beredskapstenestene i regionen.

## 6.2 Eigardel i Kommunalt oppgåvefelleskap (KO)

### 6.2.1 Kraftkompetanse KO

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune deltek i Kraftkompetanse KO for å sikre tilgang til fagleg sterk og uavhengig rådgiving innan kraft- og naturressursforvaltning. Oppgåvefelleskapet gir kommunane i regionen eit samla kompetansemiljø som støttar kommunane i spørsmål om konsesjonar, kraftavtalar, inntektsgrunnlag, ressursforvaltning og klimapolitiske prioriteringar.

**Selskapsform:**

Kommunalt oppgåvefelleskap

**Eigarpart: -**

Eigarskapet skal ivareta kommunen sine langsiktige interesser knytt til bruk av naturressursane, og sikre at kommunen har nødvendig juridisk, økonomisk og teknisk kompetanse for å ta forsvarlege og strategiske beslutningar i kraft- og energisaker.

## 6.3 Eigardel i heileigde kommunale aksjeselskap (AS)

### 6.3.1 Fyresdal vekst AS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune eig Fyresdal Vekst AS for å sikre eit sterkt, heilskapleg og utviklingsretta næringsmiljø. Selskapet er kommunen sitt verktøy for nye etableringar, vidareutvikling av næringsliv og styrking av arbeids- og

kompetansegrunnlaget. Gjennom samarbeid med offentlege og private aktørar skal Fyresdal Vekst bidra til attraktive arbeidsplassar, verdiskaping og bulyst, og understøtte kommunen sine mål om å vere ein konkurransedyktig og framtidretta næringskommune regionalt og nasjonalt.

**Selskapsform:** Aksjeselskap

**Eigarpart:** 100%

#### Konsernstruktur og verksemd

Fyresdal Vekst AS eig 100 % av:

- **Myldr – Energipark Fyresdal AS**, som har ansvar for utvikling og tilrettelegging av Molandsmoen næringsområde, inkludert datasenterinitiativ og strategiske energiprojekt. Selskapet arbeider for å skape berekraftige industri- og teknologietableringar samt infrastruktur for framtidretta næring.
- **Opplev Fyresdal AS**, som skal utvikle reiselivs- og bulystsatsingar, marknadsføring, vertskapstenester og aktivitetstilbod. Selskapet har som formål å styrke Fyresdal som besøksstad, busetjingsstad og lokalsamfunn.

Dotterselskapa er operative utviklingseiningar innan næring, teknologi og reiseliv/bulyst, og står derfor ikkje som eigne eigarpunkt då eigarskapet går via Fyresdal Vekst AS.

#### Strategisk rolle

Fyresdal Vekst AS fungerer som utviklingsmotor og kontaktpunkt mellom kommune, næringsliv og investorar, og skal vidareutvikle infrastruktur, nettverk og partnerskap som sikrar tilgang til kompetanse, kapital og framtidretta industri, samt koordinere større utbyggings- og etableringsløp i kommunen.

### 6.3.2 Vest Telemark Kraftlag Holding AS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune er medeigar i Vest-Telemark Kraftlag Holding AS for å sikre langsiktig, stabil og forsvarleg forvaltning av energi- og infrastrukturnettverk i regionen.

Eigarskapet er forankra i eit historisk samarbeid med øvrige

Vest-Telemark-kommunar, og vart vidareført gjennom omorganiseringa frå samvirkemodell til aksjeselskap i 2002. Kraftlaget er ein sentral infrastrukturberar, og eigardeltakinga skal sikre at straumforsyning, breiband og energitjenester blir handtert med høg driftsstabilitet, leveringssikkerheit og samfunnsomsyn.

**Selskapsform:** Aksjeselskap

**Eigarpart:** 19%

Eigarskapet vert oppretthalde fordi selskapet har ei nøkkelrolle i utvikling av energiøkonomi, digital infrastruktur og regional forsyningssikkerheit. Fyresdal kommune legg til grunn at selskapet driv i tråd med felles eigarstrategi i Vest-Telemark, og leverer berekraftige og framtidsretta løysingar som balanserer økonomisk avkastning, forsvarleg investeringsnivå og overordna samfunnsoppdrag. Selskapet skal bidra til teknologisk og grøn omstilling, og til at innbyggjarar og næringsliv i regionen har trygg tilgang til energi- og kommunikasjonsnettverk også i kommande tiår.

### 6.3.3 Kommunekraft AS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune eig ein mindre aksjepost i Kommunekraft AS gjennom medlemskap i Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK). Formålet med eigarskapet er å

sikre kommunen tilgang til nøytral rådgjeving og marknadsinformasjon knytt til konsesjonskraft, kraftprisar og avtaleinngåing, utan bindingar til kommersielle aktørar. Kommunekraft driv etter non-profit-modell, noko som skal sikre at verdiane frå kraftressursane i størst mogleg grad kjem kommunesektoren til gode.

**Selskapsform:** Aksjeselskap

**Eigarpart:** -

Sjølv om Fyresdal omset konsesjonskrafta si gjennom Konsesjonskraftstyret i Telemark og derfor har avgrensa nytte av operativ rådgjeving frå Kommunekraft, blir eigarskapet halde ved lag. Det gir tilgjenge til eit nasjonalt kompetansemiljø for kommunar med vasskraftinntekter, og sikrar kommunen innsyn, informasjonsflyt og tillitsbasert tilgang til marknadsdata og avtalekompetanse. Eigardelen er liten og lite omsetteleg, og det er ikkje økonomiske insentiv for avhending. Eigarskapet vert derfor vidareført som del av kommunen sitt naturressursgrunnlag og sektorinteresse.



## 6.4 Eigardel i selskap med avgrensa innsynsrett (AS)

### 6.4.1 FN Eigedom AS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune eig aksjar i FN Eigedom AS for å sikre tilgjenge til funksjonelle og formålsretta lokale for nærings- og kompetansearbeidsplassar i kommunen. Selskapet driv og utviklar eigedommar som legg til rette for samlokalisering

av offentlege tenester og næringsverksemd, og er med dette ein sentral del av kommunen si satsing på å skape eit robust og framtidretta arbeids- og servicemiljø.

**Selskapsform:** Aksjeselskap

**Eigarpart:** 49%

Kommunen vurderer eigarskapet som strategisk viktig, særleg fordi verksemda medverkar til utvikling av næringsmiljø og offentleg infrastruktur under eitt. FN Eigedom AS har ingen egne tilsette, og dagleg leiarfunksjon er organisert som innkjøpt teneste. Dette stiller krav til tydelege eigarforventningar og profesjonell oppfølging for å sikre god forvaltning av eigedomsressursane og ryddig styring.

### 6.4.2 Fyresdal Næringshage AS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune eig aksjar i Fyresdal Næringshage AS for å bidra til utvikling av eit lokalt kompetanse- og næringsmiljø i kommunen. Næringshagen fungerer som ein møteplass og utviklingsarena for etablerte verksemder, oppstartsbedrifter og offentlege aktørar, og skal leggje til rette for samarbeid, innovasjon og næringsutvikling.

**Selskapsform:** Aksjeselskap

**Eigarpart:** 36,7%

Gjennom samlokalisering av verksemder, tilgang til rådgjeving og nettverk, samt tilbod om kontor- og møtefasilitetar, skal næringshagen bidra til utvikling og vekst i lokale bedrifter og tilretteleggje for nye etableringar.

Eigarskapet er forankra i kommunen sitt arbeid med næringsutvikling og mål om å styrke lokal verdiskaping, sysselsetting og kompetansearbeidsplassar. Næringshagen skal vere eit verkemiddel for å støtte utvikling av næringslivet i kommunen og bidra til eit aktivt og samarbeidande bedriftsmiljø.

Formålet med selskapet er å stimulere til utvikling og vekst i næringshagebedriftene og vere ein aktiv aktør i arbeidet med å etablere kompetansearbeidsplassar i regionen.

### 6.4.3 Vest Telemark Næringsbygg AS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune eig aksjar i Vest-Telemark Næringsbygg AS for å bidra til utvikling av funksjonelle og marknadstilpassa næringsareal i regionen. Selskapet skal gjennom utvikling og utleige av næringsbygg leggje til rette for etablering og utvikling av næringsverksemd i Vest-Telemark. Gjennom regionalt samarbeid kan kommunane bidra til prosjekt og eigeidomslysingar som det kan vere vanskeleg for den enkelte kommune å realisere åleine. Tilgang til eigna næringslokale kan vere ein viktig faktor for verdiskaping, sysselsetting og vidare utvikling av lokalt næringsliv.

**Selskapsform:** Aksjeselskap

**Eigarpart:** 15%

Fyresdal kommune har vedteke å avvikle selskapet, jf. vedtak i kommunestyret 19.02.2026 (PS 11/26)

### 6.4.4 Telemark Bilruter AS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune eig aksjar i Telemark Bilruter AS for å bidra til langsiktig og stabil transportinfrastruktur i regionen. Selskapet har historisk vore ein sentral aktør for person-, gods- og ekspressruter i Vest-Telemark, og er framleis ein viktig leverandør av transporttenester, mellom anna gjennom Haukeliekspressen, godstransport og renovasjonskøyring for Renovest IKS. Eigarskapet gir kommunen innsikt i og påverknad på utvikling av transporttilbod, særleg i distriktsområde der marknadsgrunnlaget er sårbart.

**Selskapsform:** Aksjeselskap

**Eigarpart:** 8%

Selskapet har dei siste åra vore gjennom ei omstilling etter tap av delar av rutekøyninga til eksterne operatørar. Eigarane har i denne samanhengen bidrege til å styrkje det økonomiske grunnlaget for vidare drift. For Fyresdal kommune er eigarskapet derfor primært strategisk og knytt til samfunnsfunksjonar og regional infrastruktur. Kommunen legg til grunn at selskapet framover skal bidra til effektive og brukartilpassa transport- og logistikklysingar i regionen.

### 6.4.5 Telemarkrøye AS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune eig aksjar i Telemarkrøye AS som del av arbeidet med lokal nærings- og arbeidsplassutvikling. Selskapet representerer ei nisje innan berekraftig ferskvatnproduksjon og matindustri, og har bidrege til å utvikle kompetanse, verdikjeder og sysselsetting knytt til oppdrett og vidareforedling i kommunen.

**Selskapsform:** Aksjeselskap

**Eigarpart:** 4%

Eigarskapet er primært samfunnsmotivert og ikkje kommersielt. Kommunen legg vekt på at verksemda skal vere berekraftig. Fyresdal kommune vil følgje utviklinga og gjere eigarvurderingar i tråd med kommunen sine mål for næringsutvikling, sysselsetting og bruk av offentleg eigarskap.

### 6.4.6 Vest Telemark Blad AS

#### Kommunen sitt formål med eigarskapet

Fyresdal kommune eig aksjar i Vest-Telemark Blad AS for å bidra til lokal medieinfrastruktur og informasjonsformidling. Avisa er den sentrale redaksjonelle plattformen for offentleg debatt, informasjonsdeling og kritisk journalistikk i Vest-Telemark, og har ein særskild funksjon som nynorsk og lokal kulturberar. Gjennom eigarskapet bidreg kommunen til at regionen har eit robust og profesjonelt medium som fremjar openheit, demokratisk deltaking og informasjonsflyt mellom innbyggjarar, næringsliv og offentlege aktørar.

**Selskapsform:** Aksjeselskap

**Eigarpart:** 3,7%

Eigarskapet vert vidareført fordi Vest-Telemark Blad har ein funksjon som ingen anna regional aktør dekkjer, og er ein sentral del av den kulturelle og språklege identiteten i Vest-Telemark. Eigarposisjonen gir ikkje grunnlag for styringsinngrep i redaksjonelle prosessar, men sikrar kommunen tilgang til ein fri, relevant og truverdig kommunikasjonskanal for lokalsamfunnsutvikling, samfunnsdebatt og opplysningsverksemd. Fyresdal kommune legg til grunn at avisa held fram som uavhengig og redaktørstyrt medium med brei dekning av regionale samfunnsspørsmål.

## 7 Handlingsplan

Denne handlingsplanen skal sikre gjennomføring av tiltak som følger av eigarskapsmeldinga, og gi kommunestyret årleg oversikt over status, ansvar og framdrift.

Tiltak	Innhald	Ansvar	Frist
<b>1. Fullstendig selskapsoversikt</b>	Oppdatere og kvalitetssikre alle eigardelar, vedtekter, verdiføring og selskapsdata	Administrasjonen	01.06
<b>2. Risiko- og vesentlegheitsvurdering</b>	Gjennomføre årleg vurdering med rangering H/M/L (jf. Vedlegg C)	Administrasjonen i samarbeid med kontrollutvalet	01.09
<b>3. Vedtak av eigarskapskontrollplan</b>	Kontrollutvalet utarbeider plan, KS vedtek	Kontrollutvalet / kommunestyret	01.11
<b>4. Fastsette rapporteringskrav</b>	Informere om rapportmal (Vedlegg B) for alle selskap	Kommunedirektøren	Løpande
<b>5. Oppdatert styre- og honoraroversikt</b>	Årleg synleggjering av styresamansetjing, kjønnsbalanse og honorar (Vedlegg D)	Administrasjonen	Årleg innan 01.08
<b>6. Selskapsesifikke eigarstrategiar</b>	Rullere eigarstrategiar for selskap med høg og middels risiko	Kommunestyret	01.12

### Oppfølging og rapportering

Kommunedirektøren rapporterer status for handlingsplanen årleg til kommunestyret. Tiltak blir rullerte i samband med ny eigarskapsmelding eller ved strukturelle endringar i selskapa.